

Medlem og varamedlem i Eidfjord fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-35
Journalpostid: 22/11605

Saksh: Heidi Herstad Prestegård
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 05.10.2022

Møtebok 04.10.22

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.
Tid: 10.00 – 11.30.

Til stades: Sigrid Bu, Johanna Håbrekke, Marete Sæbø, Harald Næss, Frode Eriksen, Aslak Lægreid (vara for Magnar Røise) og Ole-Johnny Odland.

Frå administrasjonen møtte: Heidi Herstad Prestegård, Anne Kommedal og Thomas Hereid Eide.

Til å skriva under møtebok: Marete og Harald.

Sak 73

Møtebok frå 30.08.22 vert gjennomgått og samrøystes vedteken.

Sak 74

Fellesrådet ynskjer at noverande merka turløype til Lægreid, som gjer at ein må kryssa Rv7 opp til Stangadalen og dermed skapar farlege situasjonar, vert endra eller fjerna.

Planrådgjevar Anne Kommedal synte turløypa i kart, og orienterte om at endring av sjølvne turløypa krev planendring.

Turløypa med den farlege vegkryssinga må spelast inn til statens vegvesen, og takast med i komande revisjon av trafikksikringsplan.

Vedtak: Inntil revisjon av gjeldande trafikksikringsplan må noverande merking av turløypa endrast i kart på turistkontoret, slik at ein ikkje bevisst leier turistane denne vegen. Kommunen v/planmynde tek dette vidare.

Sak 75

Heidi sender samla påmelding. Hugs at ho må få attendemelding innan fristen 16. oktober.

Sak 76

Prosjekt sansehage på bygdaheimen er i gang: Marete har vore i kontakt med

einingsleiar for helse og omsorg, Karin Flatabø Thrane, og informerer fellesrådet om det ho veit om planprosessen så langt. Det er eit ynskje at Thrane, eller nokon andre aktuelle frå prosjektet, kjem og presenterer planen for fellesrådet når den vert lagt ut på høyring. Marete gjer attendemelding til Thrane om dette.

Spørsmål om kvar ein finn informasjon om kommunal kriseleiing: Heidi informerer om at ein finn informasjon om beredskap på kommunen si heimeside.

Sak 77

Fellesrådet informerer driftsleiar Thomas Hereid Eide om manglande vedlikehald av trebenkar i Øvre Eidfjord, samt manglande klypping av plen i sommar. Thomas informerer om at mangel på personell i sommar er grunnen til manglande vedlikehald, og at dette er beklageleg.

Thomas orienterer om at det finst reglar for klypping av hekkar, buskar og tre langs trafikkert veg. Kommunen vil praktisera det slik framover: Eigar vert gjort merksam på hekkar, buskar eller tre som må klyppast/fjernast med eit skriv i postkassen. Det vil også vera ein frist for å fjerna det som kommunen påpeiker. Dersom eigar ikkje overheld fristen, vil kommunen sjølv ta jobben på eigar si rekning.

Fellesrådet kjem også med diverse attendemeldingar vedkomande stell av kyrkjegarden. Dette må takast direkte med kyrkja, og soknerådsleiar vert invitert til å koma på neste møte.

Spørsmål om tilgang til toalett på Leiro ved t.d. kolonnekøyning: Thomas informerer om at statens vegvesen har ei raud brakka med toalett og venterom ståande der oppe. Fellesrådet ynskjer å be statens vegvesen om å skilta toalettet slik at folk veit om det.

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Heidi Herstad Prestegård
Sakshandsamar

Kopi til:
Thomas Hereid Eide
Anne Kommedal

Kopi til arkiv og kopibok

